

# Typografen som redaktør – ei viktig korrigering



Samuel Conrad Schwach,  
typograf og redaktør



Christian Michael Schibsted,  
typograf og redaktør



Alfred Madsen,  
typograf og redaktør


Årets *Røros-seminar* samla mykje gildt folk som alle kunne gle seg over gode og interessante foredrag og triveleg kollegialt samvær.

«*Fra bly til kunstig intelligens*. Hva har dagens mediefolk å lære av pressehistorien?» var det svært relevante emnet for konferansen. Men under presentasjonen av eine førelesaren, den markante sjefredaktøren i Telemarksavisa, *Ove Mellingen*, kom ei fatal utsegn: «*Mellingen er en av de få redaktørene i Norge som startet sin aviskarriere som typograf*», heitte det i seminarleiinga si formulerig. Eg datt mest av stolen. «*En av de få?*» «Fake news» er nyordet for slike meldingar. Alle seriøse pressehistorikarar veit at i fleire hundre år gjekk den normale og velprøvde rekrutteringsvegen slik: Først typograf, så redaktør. I blant kunne rett nok eit mellomtrinn som journalist førekommme. Men for kompetanseutviklinga var det uviktig.

«*Mellingen er en av de mange redaktørene i Norge som startet sin aviskarriere som typograf*,» måtte det heite. Ein kunne også legge til at Mellingen er eit lysande eksempel på at dette er rette vegen å gå for den som skal bli redaktør.

«Arbeiderklassens intellektuelle» blei typografane kalla – og med god grunn. «Learning by doing» er den mest effektive måten å lære på, det veit kvar pedagog. Kvar einaste bok og avis blei skapt under det strenge og kompetente blikket til ein typograf. Gjennom arbeidet med å bringe kunnskap og kultur til folket vart typografane sjølve lærde (ofte sprenglærde) og ikkje minst, dei kunne skrive norsk! Mange kunne også to–tre framandspråk som dei hadde lært under *gesellvandringane* – tidlegare tiders dannningsreiser. I løpet av den fire eller femårige typograflæra vart dei stødige språkvaskarar og korrekturlesarar. Dei var vande med å rette forfattarar sin därlege syntaks og elendige ortografi. Til dømes lærte kvar typograf–lærling forskjellen mellom transitive og intransitive verb – kunnskap som i dag heilt synest å mangle hos skribentar med mangeårig journalistutdanning.

I boka «Norsk fagbevegelse» frå 1955 skriv historieprofessor Edvard Bull d.y. at handverkarane fekk ein vidare horisont enn fabrikkarbeidarane. «Men *aller* videst horisont hadde nok typ-



Christian Holtermann  
Knudsen, typograf og  
redaktør



Hermann August Scheibler,  
typograf og redaktør (og  
mykje anna)



Knut Olai Thornæs,  
typograf og redaktør



Ove Mellingen,  
typograf og redaktør

grafene, for i tillegg til alt det som var felles for håndverkerne, brakte deres yrke dem direkte i forbindelse med det trykte ord.»

Men la meg bli konkret og nemne nokre namn frå den lange lista med typografar som blei redaktørar. *Ove Mellingen* er alt nemnd. Først på lista står *Samuel Conrad Schwach*, redaktør i *Nordske Intelligenz-Sedler*, Norges første avis. Sjølsagt var han typograf. Elles finn vi namn som *Christian Michael Schibsted*, *Alfred Madsen*, *Christian Holterman Knudsen*, *Hermann August Scheibler*, *Knut Olai Thornæs* og *Gunnar Ousland* – alle typografarar, redaktørar og bautasteinar i norsk presse, somme samfunnsstøtter, andre revolusjonære.

Det er ikkje mi hensikt å fordele skuld. «Glippen» på Røros kan ikkje gjerast om att. No gjeld det å hindre gjentaking. Det gjer vi best gjennom kunnskapstransfer – det vi har hatt ansvaret for sidan salig *Tyge Nielssønn* i 1643 brakte boktrykkarkunsten til Norge. Ved å gjere kjent for alle i våre eigne rekker kva for ei viktig rolle vi typografarar har hatt i norsk presse gjennom tidene, ikkje berre som typografarar, men òg som journalistar og redaktørar – innhaldsleverandørar kallar ein det i dag. Fjeld-Ljom-museet skal ta vare på produksjons-teknologien frå blytida, men museet bør òg sjå det som ei viktig oppgåve å ta vare på og verne minnet om den som framfor alle skapte kunnskapssamfunnet: *Typografen!*

Sven Erik Skarsbø, tidlegare typograf og redaktør